

# Rett til bruk og deltagerplikt

**Velforeiningar som disponerer eller bruker felles privat veg er også veglag i veg-lovas forstand. Då gjeld reglar for rett til bruk og plikt til å delta med vedlikehald.**

Tekst: Steinulf Tungesvik, Høyesteretsadvokat, Kluge advokatfirma DA

Føresegnene i veglova (lov av 21. juni 1963 nr 23) gjeld for alle som er eigarar, brukarar eller har bruksrett til vegen. § 54 seier at kvar pliktar "å halde vegen i forsvarlig og brukande stand", "etter same høvetal som gjeld for den bruk han gjer av vegen". Same paragraf seier i andre ledd at det same som gjeld for vedlikehald også gjeld for utbetring.

## Kva er eit veglag?

Brukarane av vegen utgjer eit veglag, jf veglova § 55. Er det berre velforeiningas medlemer som bruker vegen, er det naturleg å rekna velforeininga, sjølv om den har fleire oppgåver, for veglag. Dersom det også er andre brukarar av same vegen, kan veglaget vera velforeininga i tillegg til dei andre brukarane. Veglaget kan treffa fleirtalsav-gjerder om vegdrifta, og ha eit styre til å stå for den daglege drifta av laget. På grunnlag av høvetal sette etter bruken av vegen "fastset veglaget det årlege driftstilskotet frå den einskilde".

## Krav om skjønn

Ein uvillig brukar kan møta dette med krav om at det skal haldast skjønn om fordelinga av pliktene, jf. § 54, 3. ledd, slik alle interessentar har rett til. Kravet er at slikt skjønn ikkje er halde i løpet av dei siste 5 åra, jf. § 54, 5. ledd.

## Innan tre månader

Etter § 60 skal skjønn haldast som rettsleg skjønn etter skjønnslova, styrt av politikammeret eller lensmannen. Etter § 54, 4. ledd, må slikt skjønn krevjast innan tre månader etter at interessen ten har kunna gjort seg kjent med vedtaket. Dersom ein brukar ikkje rettar seg etter vedtak i veglaget om vedlikehaldsplikt, kan laget (i praksis ved styret) etter veglova § 55, 4. ledd, "gjere vedtak om at arbeidet skal gjerast på den ansvarlege sin kostnad." Det må innførtolkast i lova eit krav om å varsle brukaren spesielt om at laget vil utføra arbeidet for hans rekning, før vedtaket blir sett i verk.

## Økonomisk ansvarleg

Med opplysninga om vedtaket, bør veglaget gje brukaren ein kort frist til no å betala og utføra arbeidet han pliktar. Dersom det ikkje har kome i stand ei ordning innan den fristen som blir sett, kan veglaget la arbeidet utføra av ein annan. Dette arbeidet er brukaren økonomisk ansvarleg for. Dersom det skulle vera vanskeleg å inndriva kravet, må velforeininga gå vegen om forliksklage og dom.

## Lova kan fråvikast

Avslutningsvis skal understrekast at føreseggnene i veglova er fråvikelege, d.v.s. at andre særskilt bestemte reglar, t.d. i avtale eller statuttar for velforeininga, vil gå føre reglane i lova dersom dei kjem i konflikt.